



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Doknr.:
Mottatt: 03 DES 2014	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskrift:

Svar på høyring av ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel - Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gått gjennom forslag til ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel.

Det er gjort ein god jobb. Forslag på forskrift er mykje meir tydeleg og klar enn den eksisterande er. Det er også større samsvar mellom denne forskrifta og arbeidsmiljølova. Denne forskriftsteksten vil gjere forvaltninga enklare.

Fylkesmannen vil likevel melde inn ei uro for at endringa i ordninga med utbetaling direkte til avløyningarlag kan føre til ein situasjon der områder vil stå utan tilgjengeleg kvalifisert arbeidskraft på dette området. Det kan vidare gje ei svekka velferdsordning for næringsutøvarane i landbruket, og ei svekka dyrevelferd på husdyrbruka.

Stabil tilgang på kvalifisert arbeidskraft er heilt avgjerande for å drive effektiv landbruksdrift med husdyr framover, og for at Norge skal kunne nå det statlege målet om å auke matproduksjonen i takt med befolkningsveksten.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
ass.dir.

Marianne Aas Halse

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

vedlegg:

kopi: